

# Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 13. februar 2007

*Til stades:* Jan Olav Fretland, Tor Fuglevik, Ottar Grepstad, Jan Hoel (for Ola I. Breivega), Silje Solheim Karlsen, Magni Øvrebotten og Tora Aasland

*Frå sekretariatet:* Sylfest Lomheim (direktør), Eilov Runnestø (rådgjevar) og Mari Fjærtoft Trondsen (administrasjonssjef)

*Forfall:* Ola I. Breivega

*Møtestad:* Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo

*Møteleiar:* Aasland

*Referent:* Runnestø

*Møtetid:* Kl. 14.00–18.00

*Sakliste:*

Vedtakssaker

- |          |   |
|----------|---|
| S 1.1/07 | Protokoll frå styremøtet 13. desember 2006                                      |
| S 1.2/07 | Rekneskap for 2006  |
| S 1.3/07 | Budsjettforslag for 2008  |
| S 1.4/07 | Utkast til årsmelding for 2006  |
| S 1.5/07 | Språkprisen, opplegg, profil  |
| S 1.6/07 | Språkdagen hausten 2007   |
| S 1.7/07 | Tilsetjing av administrasjonssjef – saksgangen                                  |
| S 1.8/07 | Høyringsfråsegn om utkast til kulturlov og grunnlovfestning av kulturelle omsyn |

Informasjonssaker

- |          |   |
|----------|---|
| S 2.1/07 | Rapporten til departementet 2006                            |
| S 2.2/07 | Språkbanken   |
| S 2.3/07 | Grafisk profil for Språkrådet                               |
| S 2.4/07 | Orientering om samlinga for fagråda 20. februar             |
| S 2.5/07 | Samledokument for Språkrådet om organiseringa, februar 2007 |
| S 2.6/07 | Intern organisering av sekretariatet – prosessen            |

Eventuelsaker

Det vart meldt ei sak under eventuelt: Utdanningsdirektoratet har sendt Strategiplanen for nynorsk i opplæringa over til Kunnskapsdepartementet.

## Vedtakssaker

S 1.1/07 Protokoll frå styremøtet 13. desember 2006

**Sakspapir:** Den førebelse protokollen frå desembermøtet vedlagd merknader om endring og tilslutning frå fleire av styremedlemmene.

**Vedtak:** *Styret godkjende den framlagde protokollen med ei redaksjonell endring.*

## S 1.2/07 Rekneskap for 2006

**Sakspapir:** Merknader til saka fra administrasjonssjefen

Administrasjonssjefen svara på spørsmål om rekneskapen. Ho opplyste at netto mindreforbruk for Språkrådet vart under 5 % i 2006, og at rådet dermed kan rekna med å få overført unytta midlar til 2007.

Språkrådet har høge portoutgifter. Styret ber direktøren og informasjonsrådgjevaren vurdera om ein kan halda oppe informasjonsverdien og framleis nå målgruppa ved å la bladet *Språknytt* publisera berre elektronisk. Det bør vurderast om dei som ønskjer ein papirversjon, betalar abonnement, medan ein elektronisk versjon blir gratis.

**Vedtak:** *Styret godkjende rekneskapen for 2006.*

## S 1.3/07 Budsjettforslag for 2008

**Sakspapir:** Budsjetttrundskriv for 2008 frå Kultur- og kyrkjedepartementet 9. januar 2007 (førebelts talmateriale frå Språkrådet delt ut på møtet)  
Oversikt over lønsutgiftene i Språkrådet 2008 (delt ut på møtet)  
Utkast til budsjettsøknad for 2008 til departementet frå fleire saksbehandlarar

Styret gjekk gjennom budsjettsøknaden, som dei meinte bør forankrast betre i *Norsk i hundre!* 2007 er det første året den nye organisasjonen er i full drift, og direktøren grunngav desse nye prioriterte tiltaka for 2008:

- ei ny stilling i ein samfunnsfagleg disiplin er ledd i utbygginga av og satsinga på ein tverrfagleg kompetanse i sekretariatet. Språkrådet skal dreia i meir samfunnsfagleg retning, ein prosess som særleg fagråd 1 og 2 kjem til å vera med på. Den planlagde kompetansekartlegginga i sekretariatet vil gje betre grunnlag for å vurdera behova for styrking av fagkompetansen
- mangfaldsåret 2008 (som inneber mellom anna samarbeid med Likestillings- og diskrimineringsombodet og innsamling av kvenske stadnamn)
- etablering av ein norsk språkbank (ei sak Språkrådet har arbeidd for i årevis og ynskjer å prioritera, jf. S 2.2/07)
- fire undersøkingar i regi av sekretariatet/fagråda

Når det gjeld den sjette stillinga i språktenesta for statsorgan i Språkrådet (det har vore nemnt fem–seks stillinger frå departementet si side), vil styret venta med den til budsjettforslaget for 2009. Det har kome fem nye personar til statsetenesta på to–tre år, og det kan vera nok på kort tid. Stillinga bør likevel omtalast i søknaden for 2008.

Styret understreka at dei viktigaste satsingsområda for 2008 er å heva kompetansen i sekretariatet og å få ei sterkare satsing på informasjon.

**Vedtak:** *Styret vedtok framlegget frå direktøren til budsjettsøknad for 2008 med dei endringane i tekst og tal som kom fram på møtet.*

S 1.4/07      Utkast til årsmelding for 2006

**Sakspapir:** Råmanus 6. februar 2007 frå informasjonsrådgjevar Jon Grepstad

**Vedtak:** *Styret gav leiaren fullmakt til, i samråd med direktøren, å godkjenna den endelege årsmeldinga, der endringsframlegg frå møtet er innarbeidde.*

S 1.5/07      Språkprisen

**Sakspapir:** Notat 30. januar 2007 frå direktøren  
Statuttane for Norsk språkpris, vedtekne av Norsk språkråd 19. januar 1991

Då styret på møtet 13. desember drøfta verksemgsplanen, kom det fram ynske om at Språkrådet kvart år skal dela ut ein pris for god norsk språkbruk. På dette møtet drøfta styret premissane for prisen.

**Vedtak:** *Til møtet i mai skal det liggja føre eit saksframlegg som går grundig inn på alle sider ved utdeling av ein språkpris.*

S 1.6/07      Språkdagen hausten 2007

**Sakspapir:** Notat 30. januar 2007 frå direktøren

Det skal gå på omgang blant fagråda å skipa til den årlege språkdagen. Sekretariatet finn ut når andre språkdagar blir markerte, slik at det ikkje blir kollisjon.

**Vedtak:** *Fagråd 1 førebur opplegg og program for språkdagen hausten 2007.  
Programmet skal leggjast fram for styret.*

S 1.7/07      Tilsetjing av administrasjonssjef – saksgangen

**Sakspapir:** Notat 6. februar 2007 frå direktøren

Administrasjonssjefen har sagt opp stillinga si. Styret er tilsetjingsorgan, og i slike saker skal styret supplerast med to av dei tilsette.

Neste styremøte er først 3. mai, og for å få tilsett ein ny administrasjonssjef må styret anten ha eit ekstraordinært møte, eit telefonmøte eller avgjera saka ved brevveksling. Styreleiaren baud seg til å ta del i tilsetjingsprosessen.

**Vedtak:** *Styreleiaren tek del i prosessen når den nye administrasjonssjefen skal tilsetjast.*

S 1.8/07    Høyringsfråsegn om utkast til kulturlov og grunnlovfesting av kulturelle omsyn

**Sakspapir:** Høyringsforslag 6. november 2006 frå Kultur- og kyrkjedepartementet, utkast til ”lov om offentlige myndigheters ansvar for kulturvirksomhet og drøfting av spørsmålet om grunnlovsfestning av kulturhensyn”  
Brev frå Språkrådet 31. januar 2007 ved rådgjevar Dag Finn Simonsen  
Notat 1. februar 2007 frå direktøren

Styret hadde korkje innvendingar mot eller tillegg til brevet frå Språkrådet, men det drøfta på prinsipielt grunnlag kva rolle styret skal ha når Språkrådet får tilsendt høyringsfråsegner.

**Vedtak:** *Styret sluttar seg til fråsegna frå Språkrådet.  
Når Språkrådet får saker til høyring, skal dei, så langt det er praktisk mogleg, leggjast fram for styret for at det kan ta stilling til dei.*

## Informasjonssaker

S 2.1/07    Rapporten for 2006 til departementet

**Sakspapir:** Årsrapport for 2006 frå seniorrådgjevar Marit Hovdenak, administrasjonssjefen og direktøren send 6. februar 2007 til Kultur- og kyrkjedepartementet

Styret tok saka til orientering

S 2.2/07    Språkbanken

**Sakspapir:** Intensjonsavtale underskriven 5. januar 2007 mellom IBM, UiB, UiO, NTNU og Språkrådet  
Retningslinjer for styringsgruppa om språkmaterialet (delt ut på møtet)  
Innslag i avisa Hordaland 13. februar 2007 om sal av buet etter Nordisk Språkteknologi (delt ut på møtet)

Språkrådet har saman med universiteta i Oslo, Bergen og Trondheim kjøpt aktiva frå Nordisk Språkteknologi Holding AS Konkursbu (Voss). IBM har medverka med immaterielle rettar til desse aktiva. Avtalen (jf. sakspapira) stadfestar at partane ynskjer å sikra språkressursane som NST utvikla for å oppretta Norsk språkbank. Materialet frå buet har kome til Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi ved Universitetet i Bergen, der det skal gjerast tilgjengeleg for forsking og utvikling.

Direktøren sa at IBM og universiteta har bede om høyringstid i Stortinget for å få leggja fram planane om å etablera språkbanken.

Styret var glad for at kjøpet var i orden, og tok elles saka til orientering.

## S 2.3/07 Grafisk profil for Språkrådet

**Sakspapir:** Avtale 26. januar 2007 mellom Grafisk Form og Språkrådet

Direktøren informerte om dette arbeidet. Vinnaren av konkurransen vart kåra i januar. Profilen skal vera ferdig i midten av juni.

Det kom kritikk frå styret mot at dei tilsette i Språkrådet ikkje har fått teke del i prosessen hittil.

Styret tok elles saka til orientering.

## S 2.4/07 Orientering om samlinga for fagråda 20. februar

Styret bad om at ein la opp ein pressestrategi rundt fagrådssamlinga og for presentasjonen av fagrådsmedlemmene, på nettsidene, mellom anna.

Styret tok elles saka til orientering.

## S 2.5/07 Samledokument for Språkrådet om organiseringa, februar 2007

**Sakspapir:** Førebels samledokument: Innleiing, mandat for fagråda, retningslinjer for fagråda

Når også den indre organiseringa er ferdig, skal dette dokumentet innehalda alle viktige sider ved omorganiseringa.

Styret tok saka til førebels orientering.

## S 2.6/07 Intern organisering av sekretariatet – prosessen

Leiaren og direktøren orienterte om kvar denne saka står no.

Fagforeiningane i Språkrådet kravde forhandlingar etter Hovudavtalen om styret sitt organiseringssvedtak (S 16.4/06). Forhandlingane er brotne, og saka blir send til Kulturdepartementet til mekling.

Styret tok saka til orientering.

## Eventuelsaker

### S 3.1/07 Nasjonal strategiplan for nynorsk i opplæringa

Kunnskapsdepartementet gav i mars 2006 Utdanningsdirektoratet i oppdrag å utarbeida ein strategiplan for nynorsk i opplæringa, med bakgrunn i tilrådinga frå arbeidsgruppa bak *Framtidas norskfag*. Planen skal vera eit verkemiddel for å styrkja opplæringa for elevar som har nynorsk som hovudmål, og vidareutvikla fagdidaktikken og grunngjevinga for nynorsk som sidemål. Han gjeld for perioden 2007–2011, og går inn på grunnopplæringa, lærarutdanninga og

forsking på fagfeltet. Språkrådet har teke del i referansegruppa, og ein rådgjevar frå Språkrådet har vore sekretær for skrivegruppa. Ottar Grepstad informerte om at planen no er send over til Kunnskapsdepartementet.

Styret tok saka til orientering.

Oslo, 3. mai 2007

Tora Aasland  
leiar

Sylfest Lomheim  
direktør